

Magnar Askeland

Rosslandsvegen 293

5918 FREKHAUG

24.11.2015

Meland Kommune

v/Marius Flemmen Knudsen

Postboks 79

5906 FREKHAUG

Orientering om jordpåfylling og planering av jordbruksareal på MJåtveit, Gnr.22, Bnr.4.

Admin. Vedtak. Saknr. 106/2015

Arealet som er omsøkt vart for det meste fylt opp tidleg i vår. Vollar med driftsvegar er ferdig. Avskjeringsgrøfter med kummar er på plass og heile arealet vart lagt grønt straks det var mogeleg å få gras til å spira. Kun 0,5 dekar vart liggjande usådd pga. nokre fuglereir. Arealet har vore beita med kalvar i sommar og i haust. På grunn av ein svært våt sommar manglar me fortsatt litt massar av fastmarksjord. Dette er innteikna med orange farge på vedlagte kart. Elles vert det no tilrettelagt for forgrøfting av arealet, med å gå gjennom med vegar av stein/faste massar. Me vonar å koma så langt med dette i vinter at me kan forgrøfta store delar av feltet og kanskje få nytte av eventuell frost. Alt areal vert lagt grønt igjen straks det er mogeleg å få ny spiring. Permanent grøfting og nedlegging av drensrør vert utført når massane har sett seg nok. Me vonar å få tak i nok faste massar slik at feltet vert ferdig oppfylt i løpet av vekstsesongen 2016.

Med helsing



Magnar Askeland